

Møteprotokoll

Kommunestyret

Møtedato: 18.09.2025

Møtetid:

10:00 - 14:30

Møtestad: VHO - allrommet

Saksnr.:

040/25 – 045/25

Følgjande medleamar møtte	Parti
Aud Marit Berge Feidje	AP
Bjarne Engum	SP
Bjarne Larsen	AP
Dag Einar Bøtun	SP
Eivind Sverre Lidal	SP
Gunhild Brekke	AP
Hild Berglund	AP
Jens Andreas Melheim	AP
Lars-Magnus Romslo Bungum	AP
Marta Sofie Vange	H
Morten Midlang	H
Nils Kvamme	SV
Roy Egil Stadheim	AP
Rune Lunde	AP
Rune Tangstad	AP
Siri Wølneberg Bøthun	SP
Victoria Midlang Harbakk	AP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Aleksander Valsvik	AP
Björg Eldri Fritsvold	SV

Følgjande varamedl. møtte	Parti
Gunhild Brekke	AP
Nils Kvamme	SV

Ugilde	Parti	Sak	Følgjande varamedl. Møtte	Parti
Roy Egil Stadheim	AP	042/25	Kristin Ulvestad	AP
Rune Lunde	AP	042/25	Birger Sjømæling Andresen	AP
Aud Marit Berge Feidje	AP	042/25	Reidunn Bolstad	AP
Dag Einar Bøtun	SP	042/25	Katrine Evensen Hove	SP

#velkomentilvik



Eivind Sverre Lidal	SP	042/25	Annette Refsdal	SP
Marta Sofie Vange	H	042/25	Ingvar Vangsnes	H

Møteleiar:	Ordførar Roy Egil Stadheim
Frå adm. møtte:	Kommunedirektør Siri Fahlvik Pettersen
Dokument utlevert i møte:	
Synfaring:	
Merknader:	



Sakliste

Sak nr.	Saktittel
040/25	Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka
041/25	Referatsaker
042/25	Klage på vedtak om tildeling av næringstilskot til Bringebærfestivalen
043/25	Orienteringssaker til kommunestyret 18.09.25
044/25	Kommunestyret sin spørjetime
045/25	Innbyggjarundersøking om cruiseturisme i Vik



040/25: Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren):

18.09.2025 Kommunestyret

Ordføraren gjorde framlegg om følgjande endringar i saksrekkefølga:

- Sak 25/042 blir flytt opp til rett etter sak 25/040.
- Sak 25/041 blir flytta ned til rett etter sak 043/25.

Kommunestyret vedtok endringane samrøystes.

KS - 040/25 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren): Victoria Midlang Harbakk (AP) og Dag Einar Bøtun (SP).

Samrøystes.

041/25: Referatsaker

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

18.09.2025 Kommunestyret

KS - 041/25 Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Samrøystes.

042/25: Klage på vedtak om tildeling av næringsstilskot til Bringebærfestivalen

Kommunedirektøren si tilråding

Vedtaket frå formannskapet vert opprettholdt. Klagen frå Norsk Bringebærfestival vert ikkje teken til følgje.



Vedtaket er endeleg og kan ikkje pålagast jf forvaltningslova § 28

18.09.2025 Kommunestyret

Formannskapet har behandla klagen og er inhabil etter kommunelova § 11-10. 3.ledd. Ordførar la fram framlegg om Jens Andreas Melheim (AP) som sette-ordførar og kommunestyret valte samrøystes Jens Andreas Melheim (AP). Ordførar tredde frå og Melheim tok plass.

Sette-ordførar la fram framlegg om Morten Midlang som sette-varaordførar og kommunestyret valte samrøystes Morten Midlang (H). Varaordførar tredde frå og Morten Midlang tok plass.

Hild Berglund (AP) stilte spørsmål om ho var ugild i saka sidan ho sitter i styret for Vik vekst og trivsel. Kommunestyret kjende samrøystes Berglund gild i saka.

Dag Einar Bøtun (SP) stilte spørsmål om han var ugild i saka sidan han sitter i styret i Norsk Bringebærfestival. Kommunestyret kjende samrøystes Bøtun ugild i saka med heimel i forvaltningslova §6, 1 og 2 ledd, bokstav e. Katrine Evensen Hove (SP) tredde inn som vara.

Framlegg frå Bjarne Engum (SP):

Kommunestyret gjev Norsk Bringebærfestival medhald i at grunngjeving manglar i vedtaket. Klagen frå Norsk Bringebærfestival vert teken til fylgje, vedtaket vert oppheva og må handsamast på nytt.

Sette-ordførar Melheim sette framlegget til kommunedirektøren under røysting mot Engum (SP) sitt framlegg, og kommunestyret vedtok kommunedirektøren sitt framlegg mot 4 røyster. (Annette Refsdal (SP), Katrine Evensen Hove (SP), Bjarne Engum (SP) og Siri Wølneberg Bøtun (SP).

KS - 042/25 Vedtak:

Vedtaket frå formannskapet vert opprettholdt. Klagen frå Norsk Bringebærfestival vert ikkje teken til følgje.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje pålagast jf forvaltningslova § 28.

Samrøystes.

043/25: Orienteringssaker til kommunestyret 18.09.25

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

18.09.2025 Kommunestyret



- Sygnir v/ Thorleiv Hurthi og Bjørn Carlsen orienterte om ny regionalnettstruktur i Vik kommune - presentasjonen er lagt ved denne saka.
- Sogn Næring v/ dagleg leiar Line Bjelde orienterte om halvårsrapport næringsutvikling Vik kommune 2025 - presentasjonen er lagt ved denne saka.
- Rigmor Onarheim prosjektleiar NAV og kommunedirektøren orienterte om vertskommunesamarbeid for NAV kontora i region Sogn - presentasjonen er lagt ved denne saka.
- Kommunedirektøren orienterte om Sogn KO og prosess budsjettarbeid 2026, økonomiplanperiode 2026-2029 - presentasjonen er lagt ved denne saka.
- Ordførar orienterte om samferdsle og mobilitet prioriteringar - uttale frå formannskapet vert sendt over til administrasjonen i Sogn IPR for å verta lagt fram i lag med dei andre kommunane i Sogn sine uttaler på Sognatinget 04.11.25. Siri Wølneberg Bøtun (SP) stilte spørsmål om kvifor innspel til Sognatinget frå Vik kommune ikkje vart handsama som sak, og kvifor det ikkje vart gjort vedtak i saka. Kommunedirektøren merka seg spørsmålet frå representant Bøtun. Ho sa vidare at dette kunne vore løyst på ein betre måte ved at innspel som kom fram i formannskapsmøte vart votert over og protokollert. Ordførar bemerka at det var kort tidsfrist for oversending av framlegg, og at måten å behandle innspelet på er gjort på same vis som i nabokommunane.
- Ordførar orienterte om Arendalsveka med Sogn IPR orientering - Ordførar har delteke ilag med dei andre ordførarane i Sogn og administrasjonen på Arendalsveka. Kommunestyret fekk orientering om møte med olje- og energiministaren der det mellom anna lagt fram at Sogn må få ta del i verdiskapinga gjennom kraftoverskotet i Sogn. Ordføraren trakk fram mellom anna døme med trafo i Refsdal som kan nyttast til å få opp aktivitet i næringsarealet på Vangsnes. Vidare var det møte med justis- og beredskapsministaren i høve dei utfordringar vi har i Sogn som gjeld vaktberedskap i ein region med store avstandar og rasutsette vegar. Møte med samferdselsministaren handla om at kommunane i Sogn har fått ein relativt liten del av samferdselsmidlene over NTP i forhold til resten av landet.

KS - 043/25 Vedtak:

Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

Samrøystes.

044/25: Kommunestyret sin spørjetime



18.09.2025 Kommunestyret

Ordføreren orienterte om at det ikkje var spørsmål til spørjetimen.

KS - 044/25 Vedtak:

Handsaminga gav ikkje grunnlag for vedtak.

045/25: Innbyggjarundersøking om cruiseturisme i Vik

Kommunedirektøren si tilråding

Saka vert lagt fram for kommunestyret med slik tilråding:

Vik kommune inngår avtale med Vestlandsforskning om moglegheitsstudie og tolegrenseanalyse for Vik.

Kommunedirektøren får fullmakt til å signera avtalen.

Prosjektet vert finansiert frå Vik hamn disposisjonsfondet.

04.09.2025 Formannskapet

Kommunalsjef Espen Holen deltok i møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 062/25 Vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret med slik tilråding:

Vik kommune inngår avtale med Vestlandsforskning om moglegheitsstudie og tolegrenseanalyse for Vik.

Kommunedirektøren får fullmakt til å signera avtalen.

Prosjektet vert finansiert frå Vik hamn disposisjonsfondet.

Samrøystes.



18.09.2025 Kommunestyret

Vestlandforskning v/ Torunn Hønsi orienterte om innbyggjarundersøking om cruisetrafikk.

KS - 045/25 Vedtak:

Vik kommune inngår avtale med Vestlandsforskning om moglegheitsstudie og tolegrenseanalyse for Vik.

Kommunedirektøren får fullmakt til å signera avtalen.

Prosjektet vert finansiert frå Vik hamn disposisjonsfondet.

Samrøystes.

